

---

Saksnr: 2020/1931-41  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		02.06.2020

## Integrering - nye oppgaver for fylkeskommunen, strategi og vidare arbeid

Saka vert lagt fram utan tilråding for drøfting i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

### Samandrag

Som del av regionreforma vart seks område på integreringsfeltet overført frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) frå 1. januar 2020, jf. Meld St. 6 (2018-2019) *Oppgaver til nye regionar*.

Desse seks områda er busetting, rettleiing og kompetanseheving av kommunane i deira kvalifiseringsarbeid, samarbeid med regionale sektorstyresmakter, førebygging av negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting, tre tilskotsordningar og regional oppfølging av frivilligheit og samfunnsdeltaking. IMDi vil framleis ha ei overordna nasjonal rolle i integreringsarbeidet. Parallelt med at oppgaver er ført over til fylkeskommunane, har IMDi avvikla regionkontora. Fylkestinget gjer endeleg vedtak i saka i tingseta 09.06.2020.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Bakgrunn for overføringa er å leggje til rette for positiv samfunnsutvikling i alle deler av landet, basert på regionale fortrinn, føresetnader og prioriteringar. Det er eit ønskje frå regjeringa å styrke fylkeskommunane som samfunnsutviklar med fleire verkemidlar til å utvikle fylket i ønska retning. Det er eit ønskje å skape attraktive regionar og styrka vekstkraft ved å leggje til rette for at fleire kjem i jobb og at bedrifter får den arbeidskrafta dei treng og at ein etablerer fleire jobbar, jf. Meld. St. 6 (2018-2019).

Dei nye oppgåvene er med på å utfylle fylkeskommunen sine oppgåver på integreringsfeltet, der særleg vidaregåande opplæring så langt har hatt viktige oppgåver. Dei nye oppgåvene og det ansvaret fylkeskommunen no har fått på integreringsfeltet - og som i stor grad er retta ut mot kommunar og sivilsamfunn - er med på å gjera fylkeskommunen til ein viktigare og meir heilskapleg aktør i integreringsarbeidet i Norge. Integrering må difor også bli ein del av den heilskaplege politikken til fylkeskommunen. Det vil såleis gjennomsyre alt vi gjer innan innovasjon og næringsutvikling, opplæring og kompetanse, kultur og idrett m.a. Dette fordrar godt tverrsektorielt samarbeid og samordning, både politisk og administrativt.

Vestland fylkeskommune legg i denne omgang regjeringa sitt overordna mål til grunn i det vidare arbeidet. Integreringsarbeidet har mange utfordringar, men også mange moglegheiter og handlar om å ta i bruk tilgjengelege ressursar. Fylkeskommunen vil arbeide vidare med å utvikle og ta i bruk gode modellar for integreringsarbeidet. Arbeidet vert utvikla i samarbeid med stat, kommunar og andre regionale aktørar og frivillig sektor.

FN sine berekraftsmål står sentralt i integreringsarbeidet. Utviklingsplanen for Vestland har fokus på berekraftsmåla, og oppfølginga der vert sentral for Vestland si langsiktige planlegging når det gjeld å bidra til å auka sysselsetjinga blant innvandrarane - noko som vil vera eit positivt bidrag til å utvikla berekraftige byar og samfunn, eit robust næringsliv og god deltaking i samfunnslivet.

### Konklusjon

Saka vert lagt fram utan tilråding for drøfting i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.